



Mathilda Valvatna Kristiansen med den tøffe katta si

Hvis du skal innom skulen dei næraste dagane, bør du ta deg i akt. Frå no og over påska vrimlar det nemleg av skumle dyr i biblioteket. Heldigvis er dei ikkje verkelege, - dei er resultat av ein utruleg fantasi som klassane 3 og 4 har lagt for dagen, og dei inngår i eit masterarbeid ved høgskolen på Stord som lærar Maria Larssen er igang med. Utstillingen av dyra vart opna i føremiddag og vert ståande til over påske.



Stort engasjement i biblioteket i dag

Veit du til dømes kva ein kva ein vankatt er? Jo, det er ein kombinasjon av ein katt og ein vampyr. Ikkje overraskande får ein også helsa på ein kombinert hest og eit menneskje og ein tigerslange, som sprutar eld og ljøs..

Studiet omfattar til dømes både kunst og handverk samt naturfag. Marie har med andre ord eit allsidig studieprogram som skal danne grunnlaget for mastergraden, og no er ho igang på det andre året.



Maria med søsknene Arn og Nora Huuse Kristoffersen , 3 og 9 år

Maria er frå Tromsø, og no er ho igang som lærar på sjette året i Uskedalen, Og ho presiserer at det slett ikkje er sikkert at ho vil verta oppslukt av den vidaregåande skulen etter dette studiet. - Det er så kjekt her, slår ho fast. Og når det gjeld fantasidyra, er det grunn til å vera glad for at dei ikkje eksisterer!

Foto, tekst og nett: Ola Matti Mathisen